

Til PMR
Fra Sekretær for PMR

Sakstype: Orienteringssak
Møtedato: 30. april 2020
Notatdato: 24. april 2020
Arkivsaksnummer: 2020/1598
Saksbehandler: Kristin Steen Slåttå

Handtering av utfordringar som fylgje av pandemisituasjonen for masteroppgåveskrivande i JUR 5030 og JUR 5060.

Studiedekanan har den 24.4.2020 vedteke fylgjande:

Handtering av utfordringar som fylgje av pandemisituasjonen for masteroppgåveskrivande i JUR 5030 og JUR 5060.

Ein viktig del av arbeidsperioden for masteroppgåveskrivande studentar har dette semesteret foregått i perioden der samfunnet og læringssituasjonen har vore farga av pandemien. Studentar kan derfor i ulik grad ha møtt problem med å skaffe til vege skriftleg kjeldemateriale dei elles ville funne på fakultetet sine bibliotek eller hjå andre offentlege institusjonar. Studiedekanan har den 24.4.2020 vedteke å særleg minne rettleiarar og sensorar om dette, og treft eit vedtak om korleis fylgjene av dette skal handterast i sensur av masteroppåver innleverte vår 2020.

Studiedekanan oppmodar for det første studentane om å gjera merksam på slike særlege utfordringar i avsnitt om rettskjelder og metode. Studenten kan gjerne merke eit avsnitt om eventuelle slike utfordringar med ei eiga overskrift som "Særlege utfordringar for tilgang på kjelder som fylgje av pandemien vår 2020", for slik å gjera sensor uttrykkeleg klar over temaet. I dette avsnittet kan studenten gjerne også vise til dette dekanvedtaket av 24.4.2020 om "Handtering av utfordringar som fylgje av pandemisituasjon for masteroppgåveskrivande". Rettleiar bør gjera masteroppgåveskrivande studentar som leverer vår 2020 merksame på at studenten bør skriva eit slikt avsnitt i dei tilfella det er relevant for studenten. Dersom studenten gjer merksam på slike vanskar som gjeld relevant kjeldemateriale for deira oppgåver, skal ein ikkje trekkjast i vurderinga som fylgje av konsekvensane slike utfordringar har hatt for oppgåva.

JUR 5060 hadde opprinneleg frist 10. april. Studentar som leverte til denne fristen kan ha teke opp same tema utan tilvising til dette vedtaket, dei må handsamast som studentar som viser til utfordringar for kjeldesituasjonen som vist til i dette vedtaket. Det same gjeld oppgåver der det synest klart at utfordringar med omsyn til kjeldesituasjon kan tilskrivast pandemisituasjonen, utan at studenten har sagt noko eksplisitt i oppgåva om dette. For studentar i JUR 5060 som leverer innanfor fristane den 1. juni eller 15. juni gjeld det som elles er sagt i dette vedtaket.

Alle sensorar til masteroppgåver våren 2020 får også informasjon om dette vedtaket frå administrasjonen.

